

Fra: Tord Kristian Karlsen <Tord.Karlsen@museumvest.no>
Sendt: fredag 16. april 2021 10.28
Til: Post Austrheim
Emne: Vedr. Planoppstart til Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001.. Forholdet til marine kulturminne.

Vedr. Planoppstart til Detaljregulering for Bustadområdet B07 og skuleområdet ved Austrheim Vidaregåande skule, planid. 2021001. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post dagsett 10.02.21.

Me ber om orsak for lang sakshandsamingstid som skuldast avvikling av feltarbeid.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen